

Kvifor skal vi ha studiespesialiserande og helse og oppvekstfag som utdanningstilbod ved Firda vgs?



Studiespesialiserande:

- Studiespesialiserande er eit basisutdanningsprogram som bør vere på alle vgs i fylket, særleg på skulane i distriktsdelen av fylket
- Studiespesialiserande er det utdanningsprogrammet som gir størst bredde i forhold til høgare utdanning. Samfunnet vil trenge mange sjukepleiarar, lærarar, ingeniørar, advokatar, legar, politi, sosionomar +++ i åra som kjem.
- Nærskuleprinsippet legg vekt på eit brent opplæringstilbod nær der du bur. Det er mange ungdommar i Gloppen som søker studiespesialiserande. Det er ingen god grunn til at dei skal reise ut av Gloppen for å gå på studiespesialiserande. Dei skal ha eit tilbod nær der dei bur, viser til prinsippa fylkesutvalet har lagt til grunn i saka
- Det vert argumentert med at ein må ha to parallellear for å kunne gje bredde i programfag på vg2 og vg3. Nettskulen i Vestland er etablert for blant anna å sikre eit breitt programfagstilbod på skular med ein parallellel på studiespesialiserande.
- Det er i dag 10 skular i Vestland med 1 klasse studiespesialiserande. Dei har høg gjennomføring, gode resultat og elevane er fornøgde. 98% av dei som har svart på spørsmålet om dei er fornøgd med programfagstilbodet ved skulen har sagt ja

- Å ta vekk studiespesialiserande ved Firda vgs vil øydelegge for dei andre studieførebuande tilboda ved skulen. Det vert vanskelegare å gje den faglege bredda vi har i dag. I dag tilbyr vi blant anna R matematikk til elevar i musikk, dans, drama og idrett. Det vil ikkje vere mogeleg utan studiespesialiserande
- Det har vore god søking til studiespesialiserande ved Firda vgs i mange år. Komande skuleår er det full klasse
- Det er bygd opp solid kompetanse ved skulen gjennom mange år
- I førrre skulebruksplan var Firda ein av skulane som vart hardast råka, skulen miste to utdanningsprogram, 70 elevplassar
- Det er lang tradisjon for å undervise allmennfag ved Firda og det er mange tidlegare elevar som i dag har sentrale posisjonar i samfunn og næringsliv
- Vi har eit fantastisk skuleanlegg som er godt tilpassa dei tilboda skulen har i dag
- Skulen har utvikla læreplan for eit nytt programfag i vidaregåande skule, klima/miljøfag 1 og 2. Skulen er no invitert til å delta i læreplanarbeid med siktet på at faget skal bli eit nasjonalt tilbod. Dersom vi ikkje skal ha studiespesialiserande ved Firda vil truleg dette prosjektet stoppe heilt opp
- Det er eit godt skulemiljø på Firda. Vi har ungdommar elevar som trivst, og som er flinke til å tar vare på kvarandre
- I saka vert det sagt at overkapasiteten i Nordfjord er ca 20% på studieførebuande utdanningsprogram. I dag er det 6 grupper. Her er 4 vidaregåande skular, dersom ein har 1 gruppe pr skule har ein tatt ned kapasiteten med meir enn 20%, evt. kan ein ha ei gruppe som vert plassert på den skulen som har størst søknad.

Helse og oppvekstfag vg1/helsefagarbeidar vg2:

- Det er mange ungdommar som ynskjer å ta utdanning innafor helsefag. Sist skuleår var det oversøking i vårt område
- Firda treng større bredde i fagtilboden. Skulen er i dag ein av få skular i Vestland som ikkje kan tilby yrkesfagleg utdanning. Ungdom frå Gloppen som ynskjer å ta yrkesfag må i dag ut av bygda
- Det er stort behov for helsefagarbeidrarar. Prognosane tilseier at det vil bli behov for mange tilsette innafor helsefag i åra som kjem

Prinsipp for saka om tilbodsstruktur i Vestland fylke, vedteke av fylkesutvalet 04.01.24:

- Dei 4 måla i temaplanen fornye og forbetra skal være førande for arbeidet med tilbodsstruktur i Vestland.

Tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune skal:

- Vidareføre den desentraliserte skulestrukturen. I distrikta er skulen ein viktig hjørnestein for lokalsamfunna og sikrar mange elevar moglegheit til å gå på ein skule nær der dei bur. Elevane skal ha tilgang på variert opplærings- og linjetilbod i sine nærområde
- Ha eit tilbod om alle utdanningsprogram og eit breitt spekter av programområde
- Sikre eit så likeverdig og breitt tilbod som mogleg ved å nytte nettundervisning som eit supplement til det integrerte og ordinære tilbodet for alle elevar. Nettundervisning skal i mest mogleg grad vere eit supplement til ordinær undervisning
- Sikre at tilboda i størst mogleg grad er komplementære mellom skulane i elevane sitt bu og leveområde, dette omfattar eit auka samarbeid mellom skulane for å styrke tilbodet til elevane
- Samle fagtilboda der det er føremålstenleg, slik at ein sikrar sterke fagmiljø og ei effektiv utnytting av areal og utstyr. Dette vil gjelde i større grad der det er små reiseavstandar mellom skulane og tilboda
- Nytte eksisterande bygningsmasse på ein effektiv måte, bygge og rehabiliterer for eit fleksibelt bruk
- I størst mogleg grad dimensjonerast etter arbeidslivet sitt behov for kompetanse både no og i framtida. På yrkesfag må det vere samsvar mellom behovet i arbeidslivet, tal på elevar i skulen og tal på tilgjengelege lære plassar
- Ta omsyn til forventa elevtalsutvikling i dei ulike delane av fylket
- Sikre at flest mogleg vg1-elevar slepp ein ufrivillig lang reiseveg
- Fremje inkludering og mangfold blant elevane ved skulane
- Sikre eit pedagogisk og sosialt godt tilbod til alle elevar
- Vere økonomisk berekraftig og sikre ei fleksibel løysing for framtida